



nve@nve.no

Bergen, 17. juni 2021.

Tilbakemelding etter synfaring av Onarheim kraftverk 3.juni – utdyping av høyringsuttalen.

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF), med Naturvernforbundet Hordaland og Bergen og Hordaland Turlag har tidlegare sendt høyringsuttale til den omsøkte endringa. Etter synfaringa opprettheld vi vårt standpunkt om at vilkåret for konsesjonen – om bora tunnel i øvste del av traseen må ligge til grunn for konsesjonen. Ein grundig gjennomgang av dei to alternativa, røyrgate vs tunnel, på synfaringsdagen har ikkje bidrege til å dempe vår uro for langvarige og svært synlege inngrep i terrenget ved å legge røyrgate.

Det største ankepunktet til SKL frå å nytte boreholsteknikk synast å vere usikkerheit ved sjølve boringa som ein følge av at inntaket har blitt flytta lågare ned. Dette medfører kortare tunnel med mindre overdekning i fjellet, i tillegg er SKL uroa for kvaliteten på berget og for at det vil oppstå sprekkdanningar under boring, noko som vil medføre kostnader med sikkerheitstiltak. Kvinnherad kommune er i tillegg uroa for ureining av drikkevatnet under anleggsperioden, og vil ha mellombels vassleidning forbi anleggsstrekket. Noko som må kostast av tiltakshavar. Til trass for dette er SKL klår på at dei vil gjennomføre utbygginga uavhengig av kva løysing dei får løyve til øvst i traseen.

Vi tolkar dette som at det er mogleg å gjennomføre tiltaket med bora tunnel som løyvd i konsesjonen. At det vil medføre noko høgare kostnader knytt til risikoreduserande tiltak for tiltakshavar meiner vi at ein må ta seg råd til på naturens vegne. Vesentlege kvalitetar ved den lokale naturen og friluftssopplevinga langs elva vil uansett gå tapt som følge av vassreguleringa og den øvrige røyrgetraseen. Vi meiner derfor det er viktig å gjennomføre den øvre delen av traseen med minst mogleg terrenginngrep – nemleg den omtalte boreholsteknikken (kikkhullsoperasjonen).

Vi er innforstått med at det mellombelse sedimentbassenget og drikkevassleidninga óg vil medføre hogst og terrenginngrep, men vi føreset at terrenget skal tilbakeførast og revegeterast. I sum vil bora tunnel gje mindre inngrep av kortare varigheit enn røyrgate.

Om SKL likevel skulle få løyve til røyrgate som omsøkt, anser vi det som svært viktig at det setjast strenge og detaljerte vilkår for løyvet som må innarbeidast i MTA-planen. Her i blant fylgjande:

- Kartfesta trasé og estimert breidde på røyrgata og anleggsvegen
- Krav om estimerte og kartfesta behov for sprenging av grøft.
- Krav om å i størst mogleg grad omgå sprenging av berg i dagen og øydelegging av karakteristiske terrengformasjonar.



- Plan for skånsam mellomlagring av overskotsmassar og toppdekke i terrenget
- Krav om å unngå hogst ut over ein avgrensa buffersone for traseen
- Vegetasjonsplan for langvarig revegetering av anleggsvegen og røyrkata, med krav om aktiv tilplanting av særleg furu. Fortrinnsvis med bankgaranti for gjennomføring.

Venleg helsing

Bergen og Hordaland Turlag
v/naturvernansvarleg Siren Juliussen

Naturvernforbundet Hordaland
v/ fylkessekretær Synnøve Kvamme

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland
v/ styreleiar Lars Ågren

Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland er et samarbeidsforum for natur- og friluftsansjoner i Hordaland, som arbeider for å ta vare på natur- og friluftsansjone i fylket. Per i dag er det elleve organisasjoner tilsluttet FNF Hordaland: Bergen og Hordaland Turlag (DNT), Naturvernforbundet Hordaland, Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland, Bergen og Omland Friluftsråd, Norsk Ornitologisk Forening Hordaland fylkeslag, Hordaland fylkeskystlag, Norsk Botanisk Forening Vestlandsavdelingen, Syklistenes Landsforening Bergen og omegn, Voss Utferdslag (DNT), Voss Kajakklubb og Hordaland krins av Norges Speiderforbund. Sammen representerer organisasjonene rundt 40.000 medlemmer i fylket.